



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

Protokoll frå Årsmøte i Surnadal IL 2015

Tid: 26. mars 2015 kl 19.15-21.00.
Stad: Klubbhuset Syltøran

Sak 01/15 Opning og konstituering

Svein Dalen vart valt som møteleiar, og Øystein Hjelle Bondhus vart valt som sekretær. Tor Rune Schei og Eivind Sponås vart valt til å skrive under møteprotokollen. Alle vala var einstemmige.

Sak 02/15 Godkjenning av sakliste

Saklista godkjent som den vart framlagt.

Det var 14 frammøtte medlemmar.

Sak 03/15 Årsmelding 2015

Årsmeldinga for SIL Hovudstyret og dei enkelte gruppene si årsmelding vart delt ut, og gjennomgått.

Kommentarar:

- Korreksjonar til hovedlaget si årsmelding:
- Avsnittet om arbeidsutvalet på side 1 strykast, sidan det ikkje lenger står noko om AU i lovene.
- Det er Svein Dalen, ikkje styrets leiar, som sit i styret for Idrettsvekst.
- Styrets to årsmøtevalte varamedlemmer skal leggest til under hovedstyret.
- Valkomiteen og kontrollkomiteen skal leggest til under hovedstyret.

Vedtak: Årsmelding for SIL Hovudstyret og resten av gruppene vart samrøystes godkjente, med kommentarane til SIL Hovudstyret ovanfor.

Sak 04/15 Rekneskap 2014

Rekneskapan for hovudlaget og for dei enkelte gruppene vart utdelt. Rekneskapan for hovudlaget vart gjennomgått, i tillegg vart det gått gjennom resultatet for kvar enkelt gruppe. Revisor si beretning for 2014 vart utdelt og opplest. Kontrollkomiteen sin rapport vart gjennomgått.

Kommentarar og spørsmål:

- Kva er grunnen til auke sponsor og nedgang arenareklame?
- Kva er grunnen til det negative avviket frå budsjett til rekneskap på sponsor i handballgruppa?
- Styret bør skjerpe inn angående rutinene i forkant av årsmøtet.



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

- Det er alvorleg for Surnadal IL at inntektene frå startkontingent NUM 2014 gjekk til Idrettsvekst AS, ettersom dette er i strid med lovverket til Norges Idrettsforbund.
- Styret bør vurdere om ein ønskjer å ha ein felles rekneskap for allidrettsgruppa.
- Revisor burde hatt gjennomgang med styret, og komme med konkrete anmerkingar, slik at styret får gå gjennom og forbetre dette.
- Styret vil ta tak i og følge opp dei sakene som kontrollkomiteen og revisor har peika på.
- Drifta viser eit rekneskapsmessig årsresultat på kr 109 456. Laget har trygg økonomi. Laget sitt totale bankinnskott er kr 2 358 966.

Vedtak: Forslaget til vedtak vart vedteke mot to stemmer:

Rekneskapen for SIL Hovudstyret og for dei enkelte gruppene i laget var godkjente, med kommentarane nemnd ovanfor. Årsmøtet ber styret om å ta eit møte med revisor og rekneskapsfører for å betre rutinene til neste gong.

Sak 05/15 Innkomne saker

a. Offentliggjøring av styreprotokoller.

Forslag frå Arve Vasskog, datert 12. mars 2015, vart framlagt og gjennomgått.

Saksframlegg:

«Idrettslaget er en medlemsbasert organisasjon, og medlemmene må få løpende innsyn i lagets drift.»

Kommentar:

- Styret støttar forslaget, og vedtok det på styremøte, sak 10/15, 26.3.15.

Vedtak: Forslaget frå Arve Vasskog vart samrøystes vedteke: «Protokoller fra styret legges ut på idrettslagets hjemmeside senest 14 dager etter styremøtene.»

b. Daglig leders tilknytning

Forslag frå Arve Vasskog, datert 12. mars 2015, vart framlagt og gjennomgått.

Saksframlegg:

«Med virkning fra 1. mai overføres daglig leder i sin helhet til (hoved)styret og fotballgruppa.

Begrunnelse:



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

Pr. i dag rapporterer daglig leder til styret og fotballgruppa. Dette fører til at andre grupper ikke vil ha samme tilhørighet til daglig leder, og arbeidet han utfører. Av den grunn bør finansieringen av stillingen samsvare med de daglig leder står til ansvar for i det daglige.»

Kommentar:

- Forslaget vart stilt for å skape diskusjon.

Vedtak: Forslagsstillar trakk forslaget.

Sak 6/15 Medlemskontingent 2015

Saksframlegg:

Medlemskontingentsatsane vart auka noko i 2014. Det er budsjettert med ein ytterlegare auke i inntektene fra medlemskontingent i 2015, men dette kan vi oppnå ved auka fokus på medlemsverving og tidlegare utsending av kontingent med nytt medlemssystem, KlubbAdmin, først innført i 2014. Styret foreslår samtidig å innføre honnør-medlemskap.

Hovedstyrets forslag til vedtak:

Voksne (f.o.m. 20 år) – kr. 250,-.

Barn/ungdom (t.o.m. 19 år)/honnør – kr. 150,-.

Familier – kr. 500,-

Vedtak: Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sak 7/15 Budsjett 2015

Budsjetta for dei enkelte gruppene og for hovudlaget vart utdelt og gjennomgått:

Kommentar: - Grunna feil i det mottekne talgrunnlaget må saka utsettast.

Forslag: Sak 7/15 blir utsett til måndag 27.4. kl. 18.00, og vert behandla i klubbhuset på Syltøran.

Vedtak: Forslaget er samrøystes vedteke.

27.4.: Budsjett 2015

Oppmøtte: Svein Dalen, Øystein Hjelle Bondhus, Håkon Solem, Stian Faksnes, Arne Øie, Eivind Sponås, Jon Magne Helgetun, Tor Rune Schei.
Svein Dalen møteleiar, Øystein Bondhus referent, som opprinneleg valt.

Merknad:



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

- Langrennsgruppa sitt budsjett vert godteke, under føresetnad av at det blir justert til å gå i null. Årsmøtet gjev hovudstyret fullmakt til å godta langrennsgruppa sitt reviderte budsjett.

Vedtak: Budsjetta for 2015 er vedtekne, med merknaden over.

Sak 8/14 Val

Valnemnda har bestått av Linda Aasbø Kvande, Merete Mogstad, Grethe Vattøy og 1. vara Bjørn Gjeldnes. Valnemnda har hatt to møter i perioden februar-mars.

Merknad frå valnemnda og årsmøtet:

- Ønskjer at det blir utarbeidd stillingsinstruksar til alle verv før årsmøtet 2015.
- Valnemnda skal, ifølge idrettsforbundet, ikkje velje seg sjølv, men oppnemnst av styret.
- Varamedlemmane er på val i 2016, ikkje 2015.

Leiar Linda Aasbø Kvande i valnemnda las opp nemnda si innstilling.

Vala vart gjennomførte slik:

Styret

Leiar for 1 år:	Ola Mogstad (Gjenvalg)
Nestleiar for 2 år:	Vidar Ulvestad (NY)
Styremedlem for 1 år:	Svein Dalen (ikkje på val)
Fem gruppeleiarar	
1. varamedlem (1 år):	Ingvild Kårvatn (Gjenvalg)
2. varamedlem (1 år):	Leiv Bæverfjord (Gjenvalg)

Kontrollkomité:

Medlem for 1 år:	Sverre Dale (Gjenvalg)
Medlem for 2 år:	Rolv Lysø (NY)
Varamedlem for 1 år:	Talke Ranes (Gjenvalg)

Valkomite:

Leiar for 1 år:	Linda Aasbø Kvande (Ikkje på val)
Medlem for 2 år:	Merete Mogstad (Ikkje på val)
Medlem for 3 år:	Grethe Vattøy (NY)
1. varamedlem for 1 år:	Bjørn Gjeldnes (NY)
2. varamedlem for 1 år:	Ella Bolme (NY)

Representasjon til ting der idrettslaget har representasjonsrett (Punkt C):

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å velje personar til å representere idrettslaget på møter og ting.



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**


Revisor

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å engasjere revisor

Alle val og fullmaktsdelegeringar var einstemmige.

Surnadal 26. mars/27. april (Sak 7) 2015

Øystein Hjelle Bondhus
Referent


(Tor Rune Schei)


(Eivind Sponås)